

Mot ein norsk språkfilosofi: Språksyn hjå Henrik Wergeland og Ivar Aasen i lys av Charles Taylor

Jonas Gamborg Lillebø og Marianne Hustvedt

Samandrag: Denne teksten handlar om språkfilosofi innanfor konteksten av norsk språkhistorie. Det gjer han ved å ta føre seg to ting. For det første vert det diskutert i kva grad det var språkfilosofiske skilnadar mellom Henrik Wergeland og Ivar Aasen. Wergeland og Aasen blir her ikkje lesne innanfor «ytre» eller «indre» språkhistorie, men som del av ei norsk språkfilosofisk historie. For å få fram dette knyter artikkelen, for det andre, Wergeland og Aasen til Charles Taylor sin språkfilosofi. Artikkelen drøftar korleis Taylor sin distinksjon mellom eit «ekspressivt» språksyn og eit syn på språket som noko representativt og referensielt, kan brukast til å få fram nokre av skilnadane mellom Wergeland og Aasen. I artikkelen vert Wergeland knytt til eit romantisk og ekspressivt språksyn, medan Aasen viser eit syn på språk som noko instrumentelt og gjennomsiktig. Andre forskarar i den norske språkhistoriske konteksten har allereie vore inne på noko av dette hjå dei to forfattarane, men det er i varierande grad utvikla og sjeldan knytt til språkfilosofi. Denne teksten freistar å kome eit steg vidare i å artikulere det språkfilosofiske ved Wergeland og Aasen i lys av Charles Taylor sin språkfilosofi.

Nøkkelord: språkfilosofi, Taylor, Wergeland, Aasen

Keywords: philosophy of language, Taylor, Wergeland, Aasen

Innleiing

I denne teksten drøftar vi to ting: for det første ynskjer vi å diskutere i kva grad det var språkfilosofiske skilnadar mellom Henrik Wergeland og Ivar Aasen. For det andre ynskjer vi å vise korleis språkfilosofen Charles

Sitering av denne artikkelen: Lillebø, J. G. & Hustvedt, M. (2021). Mot ein norsk språkfilosofi: Språksyn hjå Henrik Wergeland og Ivar Aasen i lys av Charles Taylor. I T. A. Haugen, S.-A. Myklebost, S. J. Helset, & E. Brunstad (Red.), *Språk, tekst og medvit* (s. 91–118). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.146>

License: CC-BY 4.0

Taylor sin distinksjon mellom eit «ekspressivt» språksyn og eit syn på språket som noko representativt og «referensielt» kan brukast til å få fram nokre av skilnadane mellom desse. Det er, av det vi veit, få som har freista å tematisere språkfilosofiske problemstillingar i forskinga på denne delen av norsk språkhistorie. Grunnen til det er nok ikkje berre at det historisk sett har vore få norske språkfilosofar, men at ein har vore oppteken av heilt andre spørsmål i norsk språkhistorie. Språket og kampen for språket har ein heilt sentral plass i den norske historia om kultur, sjølvstende og identitet. Viktige problem og spørsmål har vore korleis språket skulle sjå ut, korleis ein skulle lage det og kven det skulle vere for (Hyvik, 2009; Sørensen, 2002). Med andre ord har den norske språkhistoria tradisjonelt vore eit spørsmål om lingvistiske tema, som grammatikk, på den eine sida («indre» språkhistorie), og politiske og kulturhistoriske tema som demokratisering, nasjonal kultur og identitet på den andre sida («ytre» språkhistorie) (typologi henta frå Torp & Vikør, 1993, s. 15). Og det er desse temaa ein ofte undersøker når ein les tekstane til Wergeland og Aasen. Vi veit at dei ikkje var samde om kva *norsk* språk skulle vere. Men kan vi anta at dei var samde om kva språk *er*? Kva legg vi i dette?

Det vi ynskjer er å løfte fram ein meir filosofisk dimensjon ved språket som sjeldan vert belyst eller diskutert i desse samanhengane. Vi vil kalle denne dimensjonen *språksyn* eller språktenking. Med dette meiner vi det synet eller den grunnleggjande tanken eller ideen om kva språk er. Sjølv om Aasen og Wergeland formelt sett ikkje var filosofar, betyr ikkje det at dei ikkje uttrykker ein språkfilosofi. For det som er interessant å observere når ein les nokre av tekstane deira, er at dei ikkje verkar å ha heilt same tanke om korleis ein skal forstå fenomenet språk. I kva grad dette alltid er eksplisitt, kan diskuterast. Likevel ser dei ut til å operere med ulike språkfilosofiar. Sjølv om Aasen og Wergeland i mindre grad teoretisk og eksplisitt uttrykkjer sine syn på språk, kan vi likevel kome på sporet av korleis dei tenkjer. Her vil vi presisere at språksyn i denne artikkelen altså ikkje er eit spørsmål om korleis Aasen og Wergeland meinte ein skulle lage eit nytt norsk skriftspråk. Det vi vil fram til her, er korleis dei forstår språket som fenomen. For korleis dei tenkjer sambandet mellom språket og mennesket og kva språket kan gjere for mennesket, er spørsmål som vert reflektert på ulike måtar hjå desse forfattarane. Wergeland sitt

språksyn er det vi vil kalle ekspressivt og kan knytast til eit romantisk språksyn. Aasen ser derimot ut til å sjå på språket som noko «instrumentelt» (Walton, 1996, s. 333–334). Han uttrykkjer ei «antiromantisk» haldning i si diktning (Venås, 1996, s. 462) og «misliker det ekspressive» (Sørbø, 2004, s. 24). Nokre forskarar i den norske språkhistoriske konteksten er altså inne på noko av dette hjå desse to forfattarane, men vidareutviklar i mindre grad refleksjonen omkring temaet språksyn (Burgess, 2005; Lombnæs, 2007; Sørbø, 2004; Walton, 1996).

Så korleis kan vi få dette fram? Vi meiner at den språkfilosofiske tenkinga til Charles Taylor (2005, 2007, 2016) kan hjelpe oss med å identifisere dette. Tanken er ikkje at vi skal presse Wergeland og Aasen inn i Taylor sin typologi, eller redusere desse to til døme på Taylor sine filosofiske poeng. Poenget er heller ikkje å bevise at Taylor har rett i alt, men å bruke han til å få fram interessante nyansar i språksyna deira. Så før vi kjem inn på Wergeland og Aasen, vil vi gje ei kort og grunnleggjande orientering om Taylor sin språkfilosofi.

Språksyn i ein idéhistorisk og filosofisk kontekst

Charles Taylor (1931–) er ein kanadisk filosof som har levert viktige bidrag på ei rekke felt som mellom anna politisk filosofi, sekulariseringsteori og språkfilosofi. På norsk har Taylor sitt forfattarskap vore introdusert mellom anna av Jørgen Fossland og Harald Grimen (2001) og i eit temanummer av tidsskriftet Agora (2007). Sjølv om alle dei temaene Taylor tek opp, er knytte saman, er det naturleg nok nokre hovudpunkt i språkfilosofien hans vi konsentrerer oss om her. Språkfilosofi er noko av det Taylor har jobba mest og lengst med. Nokre av arbeida på emnet strekker seg tilbake til 1970-talet og går heilt fram til boka *The Language Animal* frå 2016. Særskild Martin Heidegger og den seine Ludwig Wittgenstein har vore viktige for Taylor.

Eit hovudpoeng hjå Taylor, og som vi knyter an til i denne artikkelen, er at han meiner å ha identifisert to ulike språkteoretiske eller språkfilosofiske tradisjonar i vestleg og europeisk tenking. Den eine teoritradisjonen går ut frå dei britiske filosofane Thomas Hobbes (1588–1679), John Locke (1632–1704) og franskmannen Étienne Bonnot de Condillac

(1714–1780). Taylor kallar denne tradisjonen for HLC-teorien. Her legg ein vekt på at ord og teikn får si meining utifrå at dei står for, eller representerer, ikkje-språklege storleikar. Taylor omtalar denne tilnærminga som «designativ-instrumentell» (Taylor, 2016, s. 48, vår omsetjing). Andre namn på teorien er «representativ», sidan ord eller teikn representerer fenomen i verda, eller «referensiell», sidan ein legg vekt på det språket viser til. Taylor skriv om dette i artikkelsamlinga *Philosophical Papers I*:

We could explain a sign or word having meaning by pointing to what it designates, in a broad sense, that is, what it can be used to refer to in the world, and what it can be used to say about that thing. (Taylor i Fossland & Grimen, 2001, s. 136)

Sentralt i dette språksynet eller språkteorien er då at språket får si meining utifrå dei fenomena det viser til, og at desse fenomena finst der uavhengig av og forut for språket.

Språket har innanfor denne tradisjonen to kjennemerke. For det fyrste er språket eit transparent medium som refererer til tinga, til konkrete og abstrakte storleikar: «Referensielle teorier redegjør derimot for mening gjennom å korrelere tegn med deler av verden, og disse kan i prinsippet identifiseres objektivt» (Taylor, 2007, s. 183). For det andre er språket konvensjonar i den forstand at vi i fellesskap blir samde om kva for teikn vi skal nytte for tinga rundt oss. «I denne tradisjonen er det slik at språklige uttrykk står for eller representerer ting i verden» (Fossland & Grimen, 2001, s. 124). Her er altså subjektrelaterte eigenskapar ikkje ein del av korleis ein forstår språket.

Dersom det stemmer at språket er transparent og kan referere direkte til ting i verda, betyr det at språket er eigna for den objektive gjengivinga av verda som naturvitenskapen krev. Men det som er viktig å klargjere her, er at dette faktisk er ein filosofi om språk. Denne språkfilosofien har tette kopplingar til eit positivistisk syn på språk og vitskap. Taylor problematiserer dette:

Vitenskapelig tenkning skal være objektiv, det vil si at den skal forklare universet uavhengig av såkalte subjektrelaterte eigenskapar, altså eigenskapar som tingene bare har i subjektenes erfaring av dem, og som ikke ville ha eksistert viss erfaringssubjektene ikke hadde eksistert. [...] Referensielle teorier redegjør

derimot for mening gjennom å korrelere tegn med deler av verden, og disse kan i prinsippet identifiseres objektivt. Slike teorier stiller oss i utsikt en språkteori som kan oppfylle kriteriene for moderne naturvitenskap. Det er i denne forstand de gir inntrykk av å kunne gjøre språket til noe enkelt og klart. Ekspressive teorier kan ikke konkurrere på dette feltet. (2007, s. 182–183)

Taylor ser altså på dette språksynet som ein teori som er knytt til den moderne naturvitenskapen. Som vi var inne på med positivismen, trong og treng vitskapen nettopp dette objektive språket, utan subjektrelaterte eigenskapar, for å utvikle kunnskapane om den fysiske verda. Dei såkalla ekspressive teoriane kan ikkje, som Taylor seier, konkurrere her. Men dette er, av det vi kan sjå, heller ikkje problemet.

Så kva er problemet og relevansen for vår kontekst? Problemet oppstår derimot dersom vi for det fyrste «gløymer» at dette synet på språk faktisk er ein filosofi, og for det andre at det finst alternativ til denne filosofien. Kort og godt er problemet at vi ikkje lenger evnar å problematisere synet på språk og mennesket sitt forhold til språket nettopp fordi vi har «gløymt» eller ikkje «veit» at det finst alternativ. Det er nemleg behov for å minne om alternativet. For det HLC-tradisjonen, ifølgje Taylor, ikkje klarer gjere tilfredsstillande greie for, er subjektet sitt forhold til verda rundt seg og den rolla språket spelar i dette forholdet. Det er særskilt dette siste punktet den andre teoritradisjonen tek opp. Så lat oss sjå litt på dette.

Den andre tradisjonen utgår då frå tyskarane Johan Georg Hamann (1730–1788), Johan Gottfried Herder (1744–1803) og Wilhelm von Humboldt (1767–1835). Taylor kallar denne tradisjonen for HHH-teorien og framstiller denne tilnærminga til språk som «ekspressiv-konstitutiv» (Taylor, 2016, s. 48, vår omsetjing). Denne tradisjonen danna seg gjennom kritikk av HLC-tradisjonen, og dei to står difor delvis fram som ekskluderande alternativ.

Når vi legg fram dette språksynet, blir vi konfrontert med to utfordringer. For det fyrste er dette språksynet for mange meir «framandt» enn det «designativ-instrumentelle». For det andre skriv Taylor delvis innanfor ein annan kontekst. Likevel meiner vi det er svært mykje relevant hjå Taylor, og at han likevel får det relativt klart fram når han i *The Language Animal* samanliknar språklause vesen med vesen som har språk:

«Prelinguistic beings can react to the things which surround them. But language enables us to grasp something *as what it is*» (Taylor, 2016, s. 6). Understrekninga av «*som*» (*as*) er avgjerande her. Det er i det vi nyttar språket til å gripe noko *som* noko at vi forstår kva det er. Kva legg han i dette? Det Taylor vil ha fram, er ikkje berre at språket er det som gjer det mogleg (for språklege vesen) å ha eit forhold til verda rundt seg. Poenget er i tillegg at det språklege subjektet påverkar dette forholdet gjennom *måten* det uttrykkjer seg på. Det er når vi seier noko på *vår måte* at vi etablerer eit forhold til ei sak, men dermed er saka også prega av vår måte å uttrykkje oss på. Det som gjer at Taylor kan kalle dette «ekspressivt» er at relasjonen mellom eit språkleg subjekt og verda vert konstituert *gjennom det språklege uttrykket*.

Desse to tradisjonane vert av Taylor til ein viss grad plassert idéhistorisk ved at han knyter den fyrste tradisjonen til korleis språket vert tenkt av opplysingstenkjarane, og den andre til korleis språket vert tenkt innanfor den romantiske rørsla. Men, vil vi framheve, dette er ikkje berre å forstå som epokar som avløyser kvarandre historisk eller som noko som berre finst i fortida. Dei står også for ulike filosofiske tilnærmingar til språket som vi kan ta opp til kritisk vurdering i dag.

Den doble innsikta i at språket (1) er det som gjer det mogleg (for språklege vesen) å ha eit forhold til verda rundt seg, og (2) at det språklege subjektet påverkar dette forholdet gjennom *måten* det uttrykker seg på, kjem klarast fram i romantisk litteratur og kunst. Som Taylor skriv: «Det er ikke tilfeldig at romantikken revolusjonerer vår forståelse av kunst [...] Kunstverket refererer ikke utover seg selv til hva det etterligner, men åpenbarer derimot noe; kunsten er selve det stedet hvor mening åpenbarer» (Taylor, 2007, s. 192). Den romantiske litteraturen og kunsten er med andre ord ikkje berre ein ny og eigen måte å skape på. Han tek også med seg ei ny og anna erkjenning av at meining er noko som blir skapt.

Samstundes hadde også opplysingstenkinga eit kunst- og litteratursyn som er annleis enn det romantiske. Kunstsyn og språksyn tangerer difor kvarandre og er noko vi vil forfölge. Slik vi ser det er synet vi finn på litteratur hjå Aasen noko som ligg nærmare det Taylor seier om opplysingstenkinga sitt syn på kunst. Ifølgje Taylor vert kunsten innanfor denne anten representerande, moralsk eller underhaldande: «Where the

standard view of the time saw art as primarily either imitative or didactic or pleasing in function, that is as existing either to picture the world, to improve men or to give them pleasure ...» (2005, s. 20). Som vi skal sjå, er det her interessante likskapar med tankane om litteratur som vi finn i «Um dikting» (Aasen, 1853/1997). Dette står i motsetnad til språksynet hjå romantikarane, eit språksyn vi meiner også kjem til uttrykk hjå Wergeland. Med referanse til Herder skriv Taylor om koplinga mellom språksyn og kunst:

Hence language is understood in a different dimension by Herder than by his Enlightenment predecessors. It is not only referential sign, it is also expression. And in this aspect, it is continuous with art. Hence Herder's view that language in its origin was inseparable from poetry and song (not original with him, true, but to which the Storm and Drang gave a new twist), and that the most adequate language united description of the world and expression of feeling. This notion of language as expression of feeling in the strong sense had no place in the Enlightenment theories of man and meaning. (2005, s. 20)

I teksten «Språket og menneskets natur» («Language and Human Nature») (2007) framhevar Taylor også koplinga mellom kunst og språk:

Hvis vi forstår språket som ekspressivt i den forstand at uttrykket konstituerer hva det uttrykker, så er det å snakke *om* bare et av flere felter som konstitueres av språket: konstitusjonen av menneskelige følelser er et annet felt, og i denne sammenheng kan prosa være beslektet med poesi, musikk og kunst. (2007, s. 192–196)

Kva har så alt dette med norsk språkhistorie, Wergeland og Aasen å gjere? I innleiinga spurde vi om vi kunne anta at Aasen og Wergeland var samde om kva språk *er*. Med utgangspunkt i Taylor er vi no betre teoretisk rusta til å kunne undersøke eit slikt spørsmål. Det vi tek med oss frå Taylor si inndeling i to ulike språkfilosofiske tradisjonar, er då at vi i det heile tatt kan få auge på og problematisere språksyn. Språket er ikkje eitt gjeve empirisk fenomen som vi kan forstå på berre ein måte. For å få fram språket sine ulike kapasitetar og kunne forstå det på ulike måtar treng vi teori og filosofi. Om vi følgjer Taylors tankegang, er det nemleg behov for å minne om at det finst eit alternativ til HLC-tradisjonen. I det minste er

det noko den tradisjonen ikkje maktar å gjere tilfredsstillande greie for som HHH-tradisjonen er nærare i å kunne seie noko om.

Dette har då med tre ting å gjøre: (1) innsikta i at språket er det som gjer det mogleg (for språklege vesen) å ha eit forhold til verda rundt seg, (2) at det språklege subjektet påverkar dette forholdet gjennom *måten* det uttrykkjer seg på og (3) at den romantiske litteraturen og kunsten ikkje berre er ein eigen stilepoke, men at han har med seg ein eigen språkfilosofisk epistemologi og ontologi. Han bringar med seg ei erkjenning av at meinings er noko som blir skapt.

Dette er, slik vi ser det, interessant ut over ein reint fagfilosofisk og idéhistorisk kontekst. Aktualiteten og relevansen kan og bør også diskuteras i høve ulike historiske kontekstar. Så i det følgande skal vi freiste å spore nokre av desse tematikkane og syna i tekstar av Aasen og Wergeland, samt forskinga på desse. Vi startar med Wergeland.

Wergeland og språket som ekspresjon

Henrik Wergeland sin tekst «Om norsk Sprogreformation» vart publisert fyrste gong i 1835. I denne teksten argumenterer Wergeland for at Noreg, som no er ein sjølvstendig nasjon, òg må ha eit eige skriftspråk. Denne teksten har i norsk språkhistorie vorte ståande som eit av dei fyrste bidraga som konkret handlar om korleis det norske språket skulle sjå ut. Wergeland sin tanke var at ein skulle danne eit nytt norsk skriftspråk ved å ta ord frå talespråket inn i skriftspråket. Dette skulle skje gradvis og etter kvart gje språket ein klarare norsk identitet. Han tenkjer seg med andre ord ikkje å endre språket i form av å skrive ein grammatikk slik ein finn hjå Aasen. Utviklinga av eit norsk språk var ifølgje Wergeland allereie i gong ved at norske ord frå talespråket alt var tatt opp i litteraturen. Dette gjaldt ikkje minst han sjølv då han brukte ord frå talespråket i diktsamlingane sine. I mange av sine andre skrifter om norsk språk diskuterte Wergeland språket med omsyn til det demokratiske eller sosiale, det pedagogiske og det nasjonale. Rett nok var det viktig for Wergeland med ein nærliek mellom skriftspråket og folkemålet «for å kunne styrke folkeleg opplysning, demokrati og sosial utjamning» (Vikør, 2008). Men i «Om norsk Sprogreformation» er det ikkje dei sosiale, kommunikative

eller pedagogiske problemstillingane knytt til språk som vert diskuterte. I denne teksten er det språket som kulturelt og ekspressivt fenomen som blir tematisert og problematisert. Av det vi veit, er det få norske forskarar som tek opp det språkfilosofiske i samband med Wergeland. Publikasjoner om Wergeland som til dømes *Agora* sitt temanummer om Wergeland (Agora, 2010) eller biografien *Mig Selv* (Storsveen, 2008) er døme på dette. Men det finst unntak. Som Andreas G. Lombnæs får fram i artikkelen «Skapende fravær. Språk, subjekt og utviklingstro i Henrik Wergelands Skabelsen» kjem det hjå Wergeland fram ei tenking om at språket skaper røyndomen framfor å spegle han (Lombnæs, 2007, s. 18/129).

Det vi legg vekt på hjå Wergeland, er at språket uttrykkjer eit særskilt forhold mellom den som nyttar det og verda. Dette er ein ny måte å tenkje språket på (Foucault, 2006; Taylor, 2005, 2007, 2016) som legg vekt på det å uttrykkje. Vi tolkar her difor Wergeland annleis enn Vikør (2008). For Wergeland er ikkje språket ein reiskap for diktinga; det ville føresetje at diktaren og diktaren sitt medvit går forut for språket. Då er vi meir på linje med Lombnæs si tolking – at språket skapar både medvitet og røyndomen.

Med Wergeland blir det då klart at litteraturen ikkje spelar ei sekundær rolle, men har ei primær rolle i utvikling av språket. Samstundes skal vi sjå at dette har betydning for måten ein tenkjer samanhengen mellom nasjonalitet, kultur, språk, og dikting. Didrik Arup Seip viser i boka *Norskhet i sproget hos Wergeland og hans samtid* (1914) til den danske historikaren Engelstoft som skriv at:

Sproget hører til en Nations egentlige Selv, til dens indre Væsen, og udgiør en Deel af dens oprindelige Form». Og netop Molbech hadde skrivet: «Ethvert Folk har sit Sprog, med saadanne Engenheder, som udmærke det fra alle andre, ligesom vi hos hvert enkelt Menneske med Charakteer finder en egen Aand og Form i det skriftlige og mundtlige Udryk. (s. 31)

Korleis såg dette ut for Wergeland? Ein sentralt tanke i «Om norsk Sprog-reformasjon» (1835) er forholdet mellom eit nasjonalt språk og dei som bur i nasjonen. Språket er eit genuint uttrykk for eit folks eigenart ved at det «præges» av folket: «Saaledes i Old som Nu, saaledes med ethvert Folk med politisk Selvstændighed og med Sælvstændigt Sprog og Literatur. Landets Charakteer præger sig i Folkets; dettes i Sproget». Wergeland

gjev i teksten fleire døme på dette. Eitt er korleis det engelske språket speglar kvalitetar ved landet som fridomen og naturen: «Og Engellands Sprog melder det os ikke Friheden, den friske, frodige Natur, den rige Virksomhed i dette Land og Folkets anmassende, ligefremme og kraftige Charakteer?» (1835).

På same måte tenkjer Wergeland at eit sjølvstendig norsk språk vil stå i forhold til ein norsk nasjon og eit norsk folk, og dannar difor eit grunnlag for å hevde at Noreg må få eit eige språk, lausrive frå dansk. Med andre ord er Wergeland oppteken av det nasjonale, språket og folket. Men til skilnad frå fleire andre debattar om norsk språk på 1800-talet er det ikkje ein systematisk grammatikk Wergeland interesserer seg for her. Det Wergeland argumenterer for, er at det er naturleg for ein nordmann å nytte eit norsk språk, og at det ikkje minst er naturleg for ein norsk diktar å nytte det norske språket når han skriv dikt. Det handlar med andre ord om å uttrykkje seg.

Eit slikt nært samband mellom språket og folket og kulturen nærar, slik vi ser det, eit åndeleg slektskap med tysk språkfilosofi. Vi kan nemne Hamann og Humboldt, men spesielt Johann G. Herder er viktig (Berlin, 2000, 2013; Menninghaus, 1995; Trabant, 2003). Tre dimensjonar ved Herder si tenking om språk er her sentrale: (1) den erkjennande og refleksive, (2) språket sitt opphav og utvikling og (3) fellesskapsdimensjonen.

Sjølv om det nasjonale og kollektive ved språket ofte er det vi forbind med Herder, så er eit like viktig aspekt for Herder at språket har ei sentral rolle for vår evne til å erkjenne verda rundt oss. For språket har ikkje berre ei beskrivande rolle for Herder, det er òg gjennom språket vi kan danne eit medvit om oss sjølve. Det er her Herder opponerer mot Condillac. Rett nok ser sistnemnde på medvit og språk som forbunde (Condillac, 1986, s. 81), men ifølgje Herder maktar ikkje Condillac å gripe det nivået der dei smeltar saman. Det er nemleg der språket sitt opphav kan finnast. For å få fram dette nyttar Herder ordet *Besonnenheit* delvis som eit synonym til *refleksjon* (*Reflexion*), adjektivet *besonnen*, og *Besinnung*: «Når mennesket er i den tilstand av sindighet,¹ som er særegen for det, og

¹ I note 45 i Jan-E. Askerøi si norske omsetjing av *Om sprogets opprinnelse* (1992) (*Abhandlung über den Ursprung der Sprache*) vert omsetjinga av Herder sine omgrep diskutert: *Besonnenheit* vert omset med *sindighet*, *Besinnung* med *besinnelse*. Askerøi viser vidare til professor i

denne sindighet (refleksjon) virker fritt for første gang, har det oppfunnet sprog. For hva er refleksjon, hva er sprog?» (Herder, 1992, s. 63).² Taylor dveler fleire gonger ved dette omgrepet hjå Herder. I *The Language Animal* skriv han: «Herder starts from the intuition that language makes possible a different kind of consciousness, which he calls «reflective» [besonnen]» (Taylor, 2016, s. 6). Og i «Språket og menneskets natur» (2007) er Herder sitt poeng mot Condillac ifølgje Taylor at: «denne typen refleksjon [Besonnenheit] ikke kan skilles fra språket selv, den kan ikke gå forut for læringen av det første ordet» (2007, s. 191).

I *Om sprogets opprinnelse* (1992) diskuterer Herder språket sitt opphav med eit tenkt døme på korleis mennesket gjennom språket erkjenner (og gjenkjener) eit lam:

Straks det får behov for å lære fåret å kjenne, forstyrres det ikke av noe instinkt og ingen sans driver det for nært eller for langt bort fra det. Det står der akkurat slik som det viser seg for menneskets sanser. Hvitt, mildt, ullent. – Menneskesjelen, som øver seg i sindighet, søker et kjennetegn. – Fåret breker! Sjelen har funnet et kjennetegn. [...] Fåret kommer igjen: hvitt, mildt, ullent. – Sjelen ser, berører, besinner seg, søker kjennetegn. – Det breker, og nå kjenner sjelen det igjen! «Ha! Du er den brekende!» føler den i sitt indre. Den har erkjent det på menneskelig måte fordi det skjedde tydelig, det vil si at sjelen erkjente det ved hjelp av et kjennetegn og kalte det opp etter det [...] Da en menneskesjel oppfattet brekingens tone som fårets kjennetegn, oppstod i kraft av denne besinnelse også fårets navn. (s. 65)³

germanistikk Wolfgang Pross (som har redigert ei tysk utgåve av Herder sine skrifter), som fører omgrepet «Besonnenheit» tilbake til Platon sin dialog Kratylos (Askerøi i Herder, 1992, s. 108, note 45).

- 2 «Der Mensch, in den Zustand von Besonnenheit gesetzt, der ihm eigen ist, und diese Besonnenheit (Reflexion) zum erstenmal frei wirkend, hat Sprache erfunden. Denn was ist Reflexion? Was ist Sprache?» (Herder, 2008, s. 31).
- 3 «Sobald er in die Bedürfnis kommt, das Schaf kennenzulernen, so störet ihn kein Instinkt, so reißt ihn kein Sinn auf dasselbe zu nahe hin oder davon ab: es steht da, ganz wie es sich seinen Sinnen äußert. Weiß, sanft, wollicht-seine besonnen sich übende Seele sucht ein Merkmal- das Schafblöket! sie hat das Merkmal gefunden. [...] Das Schaf kommt wieder. Weiß, sanft, wollicht-sie sieht, tastet, besinnet sich, sucht Merkmal- es blökt, und nun erkennet sies wieder! 'Ha! du bist das Blökende!' fühlt sie innerlich, sie hat es menschlich erkannt, da sies deutlich, das ist mit einem Merkmal, erkennet und nennet» (Herder, 2008, s. 33).

Det Herder vil ha fram, ser ut til å vere at språket ikkje oppstår instinktivt, men gjennom at sjela «vel» eit (av fleire) kjenneteikn. Lammet er ikkje «den brekende» før etter at dette er uttrykt. Lammet er altså ikkje referansen for uttrykket «den brekende», men noko mennesket får eit forhold til gjennom å kalle det (*nennen*) «den brekende». Med andre ord, det er gjennom det å uttrykkje, det å kalle opp at språk og erkjenning blir til. Dette er også knytt til eit innhald, men poenget er at det ikkje er referensialiteten som bestemmer dette innhaldet åleine. Eller annleis sagt, referensialiteten blir konstituert gjennom *måten* ein uttrykkjer seg på. Om ein derimot hevdar at teiknet og uttrykket berre representerer eit referensielt innhald, så deler ein ikkje Herder sitt språksyn. Alt vi erkjenner blir til gjennom det å uttrykkje, det å kalle opp, og dette inneber at språket blir eit medium mellom oss og omgjevnadane. At språket er medium betyr, for Herder, at språket ikkje er gjennomsiktig, men at språket formar vårt forhold til verda og vårt forhold til oss sjølve. Som den tyske språkforskaren Jürgen Trabant (2006) skriv, så ligg Herder sin radikalitet og innovasjon i at språk og tenking blir identiske. Medan fornufta for Kant er «rein» og berre brukar språket som instrument, så «språkleggjer» Herder fornufta (s. 218).

For igjen å knyte dette til Wergeland så skriv Lombnæs at ei slik tenking om språket kjem fram i Wergeland si diktting: «Snarere enn at språket speiler en virkelighet uavhengig av språket, er virkeligheten 'skapt' av språket» (Lombnæs, 2007, s. 18/129). Sjølv om Lombnæs her tek opp Wergeland sitt diktverk *Skabelsen, Mennesket og Messias*, så tematiserer han likevel koplinga mellom tanke og språk: «Mens tanken vanligvis antas å eksistere i en åndelig eller psykisk dimensjon før den kommer til uttrykk, er den i *Skabelsen* simultan med språkytringen» (2007, s. 21). Som vi kjem inn på fleire gongar i teksten, er denne forma for språksyn det vi utifrå Herder og Taylor vil kalle ekspressiv. Det vil seie at både tanken og røyndomen eksisterer, eller blir konstituert, simultant med språkytringa.

For det andre handlar det for Herder om språkets genesis og opphav. Han bryt nemleg med tanken om at ord og språk representerer ting og at det er referensialiteten som gjev orda deira meinings. Som Michel Foucault er inne på, vert sambandet mellom orda og tinga endra nettopp

på denne tida (Foucault, 2006; Lombnæs, 2007, s. 18). Språket sitt opphav er ikkje lenger referansen, eller ideen. Nei, språket sitt opphav – og for så vidt også medvitet og refleksjonen sitt opphav – er å finne i det at ein lærer å uttrykkje seg og utviklar nye måtar å uttrykkje seg på. Herder trekker også inn ein didaktisk dimensjon i dette: «Foreldre kan aldri lære barna sprog uten barnas medoppfinnsomhet» (1992, s. 68). Språket har altså sitt opphav i det subjektet som finn språkleg form for erfaring av omgjevnadane samstundes som subjektet blir til gjennom at det brukar språket for å uttrykkje seg. Desse dimensjonane grip inn i kvarandre i Herder si tenking. Denne relasjonen mellom språket og verda er ikkje berre noko som manifesterer seg på individuelt nivå. For Herder blir òg språket eit kollektivt uttrykk. For om vårt forhold til verda viser seg i språket, blir det òg eit genuint uttrykk for eit folk sin eigenart. Denne tolkinga av Herder finn vi hjå Charles Taylor (2005):

if thought or the characteristically human activity can only be in the medium of language, then the different natural languages express each the uniquely characteristic way in which a people realizes the human essence. A people's language. The study of language is the central and indispensable road to the understanding of human variety. (s. 20)

Vi legg her merke til bruken av termen «realisere» (*realize*). Denne gjev inntrykk av at det faktisk fyrst er gjennom å uttrykkje seg at folket realiserer seg. Med andre ord kan vi seie at språket er eit særskilt uttrykk for korleis eit folk ser verda og seg sjølve.

Attende til «Om norsk sprogreformasjon» finn vi ein liknande tanke når Wergeland seier at: *«for norske Forfattere af nogen Særegenhed og især for Digterne er det paa engang en Nødvendighed og hans Hang til Frihed, som driver ham til at nærme sig det Sprog, som Folket taler»* (1835). Når Wergeland skriv at det er *naturlig* og en *Nødvendighed* for diktarane å bruke det norske språket, er det ikkje berre ut frå ei personleg interesse, men òg ut i frå ein tanke om eit forhold mellom folket og språket. Det er *gjennom* språket at «mennesket utsier, former og forelder sin egen bevissthet som individ, samfunnsborger og art» (Lægreid & Skorgen, 2006, s. 57). Om vi her tolkar Wergeland i lys av Herder si tenking, vil orda frå talespråket vere å føretrekke fordi dette språket uttrykkjer meir

presist nordmennenes eigenart. Difor kan orda frå talespråket i større grad enn orda frå skriftspråket uttrykkje «tanken»:

Til disse oprindelige Træk i Aanden hører ogsaa Hanget til at vælge de Udtryk, som beqvemst og friest giengive og meddele Tankerne. Saaledes skeer det da med den almene Fornufts Sanction, at Tanken, naar den stanser under et Aandsvirke, fordi den finder det Udtryk, det gjængse Skriftsprog tilbyder den, for snevert eller for rummeligt, forskyder dette og efter Valg ifører sig det Ord i Folkets Talesprog, som baade udtrykker den bestemtest – og dog maaskee ikke saa bestemt, som den vilde – og er temmelig almindelig bekjendt, og lader Tanken med største Beqvemhed bevæge sig. (1835)

Samstundes er det viktig å presisere at å skape språklege uttrykk ikkje berre går ut på å ukritisk inkludere ord frå talespråket. Diktinga si rolle er ikkje berre å nytte seg av ord, men òg å *skape eit språk*. Med andre ord vil ikkje Wergeland beskrive verda, men uttrykkje eit forhold til henne. Og det er nettopp dette skapande elementet Wergeland er oppteken av. I «Om norsk Sprogreformation» er eit av Wergelands mest sentrale tema å tilføre språket «udtryk». Her handlar det ikkje om å ta inn fleire ord for konkrete eller abstrakte ting eller fenomen. Det han søker, er eit språk som best mogleg uttrykkjer tankane. Kva Wergeland heilt konkret meiner med «tanke» seier han ikkje i teksten, men, slik vi forstår det, er tanken noko som er åndeleg og indre i mennesket, men som ikkje verkeleg eksisterer før han kjem til uttrykk. Når Wergeland ynskjer å uttrykkje «tanken», så kan vi forstå det som om at han søker å gje eit språk til det indre.

Vidare er tanken noko som også høyrer til eit individ og ikkje berre eit kollektiv. Språket syner også ei individuell erfaring. Å la tanken vise seg i språket og skape ei form for han er oppgåva til diktaren, og det er eit vedvarande arbeid med språket. Då tanken aldri er noko ein vil gripe heilt ut, er språket heller aldri «ferdig». Kva vi kan uttrykkje og seie, blir heile tida utvikla i litteraturen sine nyskapningar. Difor er Wergeland heile tida oppteken av å skape nye uttrykk og seier at han ynskjer ei «overflødighed» av uttrykk, då det berre er slik ein kjem nært inn på å uttrykkje tanken: «Overflødighed af Udtryk til at vælge imellem er det sandeste Vidnesbyrd om et Sprogs Fuldkommenhed; thi netop derved forfølges Tanken

i sine fineste Vendinger og gjengives ligeindtil det Maleriske, til Lydtegnelsen» (1835). Til sjuande og sist er talespråket, for Wergeland, ikkje tilstrekkeleg til å skape «*udtryk*». Om ein ikkje finn eit godt nok ord kan ein «skabe» det sjølv: «Finder den intet bequemt Udtryk, da sammensetter den eller vel endog skaber – vel af et givet Emne, men af egen Magt, som om den var en af den højeste Fornufts fuldmyndige Eloaher» (1835). Orda er for Wergeland ikkje viktige i den grad dei beskriv ting, men i den grad dei rører ved «Indbildningskraften». Og dette er interessant, for det seier oss at ord og språk hjå Wergeland ikkje kan forståast som eit reit kommunikativt eller grammatisk fenomen. Språk er for Wergeland ekspressivt og skapande. Det uttrykkjer eit subjekt si oppleving av verda: «Ord, og især de optagendis, paa fin Guldvægt veies, og denne vægt bør henge i Forfatterens Øren. Da er et Ord først levende og døbt i Aand, naar det rører Indbildningskraften» (1835). Då «inbildungskraften» formar vår evne til å gripe røyndomen, er det rolla til diktinga å modulere han slik at vi kan sjå ei rikare verd.

Vi vil då om ikkje tone ned det folkelege og kommunikative talespråket hjå Wergeland, så i alle fall framheve at det ekspressive språksynet til Wergeland kanskje først og fremst legg vekt på det diktariske subjektet sitt forhold til verda. Som vi såg hjå Herder, er ikkje språket berre eit intersubjektivt kommunikasjonsmiddel, men noko som reflekterer subjektet si individuelle erfaring av omgjevnadane. Det er her, slik vi ser det, viktig å skilje mellom eit romantisk språksyn som set subjektet i sentrum og nasjonalromantikken som legg vekt på kulturen og nasjonens kollektive dimensjon. Vi kjem nærare inn på dette seinare, men først skal vi sjå på det meir nøytrale språksynet og anti-ekspressive vi finn hjå Ivar Aasen.

Innsteg til Aasen sitt språksyn

Kva syn på språket finn vi hjå Aasen? For å komme nærare inn på dette må vi sjå korleis språket blir eit tema i nokre av tekstane hans. Aasen er kjend både i Noreg og internasjonalt for sitt arbeid med dei grammatiske, demokratiske og pedagogiske sidene ved språket. Men som vi tidlegare slo fast, er det ikkje desse aspekta ved språket vi er opptekne av her. I

denne teksten rettar vi fokuset mot kva språket er for mennesket i verda, kva samband det er mellom språket og verda og kva forhold det er mellom orda og tinga.

I motsetnad til Wergeland synest ikkje Aasen å vere oppteken av den ekspressive kapasiteten i språket. Han skriv ikkje eksplisitt om denne språklege dimensjonen i tekstar som handlar om utvikling av norsk språk, kultur og kunst – som til dømes «Om vort Skriftspråk» (1836), «Prøver af Landsmaalet» (1853) eller «Om Dannelsen og Norskheten» (1857) – og det vert difor vanskeleg å vite kva han meiner om det ekspressive språksynet. Det kan vere at Aasen ikkje hadde kjennskap til denne romantiske tenkinga om språk og litteratur. Ei anna moglegheit er at han hadde motførestillingar til denne måten å nytte språket på, eller at han ikkje syntest dette var viktig. Dette kan vi ikkje vite sikkert. Men om vi ser til andre forskrarar sine studiar på emnet, kan det sjå ut til at Aasen ikkje deler det synet på språk og dikting vi finn hjå romantikarane. Kjell Venås (1996) og Jan Inge Sørbø (2017) er begge inne på at Aasen bevisst tek avstand frå romantikken. Venås skriv i *Då tida var fullkommen. Ivar Aasen* (1996) om «grunndraga» i Aasen si dikting:

Eit grunndrag i lyrikken åt Aasen, i Symra og elles, er objektivitet og nærliek til tinga, ei antiromantisk ånd og eit kontrollert kjensleliv. Slike innhalldrag svarar til den faste, utmeisla forma, der språk, rim og rytme er haldne i eit sikkert grep. Med god grunn kan ein dra parallellar til Welhaven og Goethe. Dikta vitnar om medvite, målretta, intellektuelt styrt arbeid, meir enn oppglødd inn- gjeving. (s. 462)

Ifølgje Venås søker Aasen seg mot ei objektiv dikting framfor ei romanti- sk ånd. Ein liknande tanke finn vi hjå Sørbø. I boka *Nynorsk litteraturhistorie* (2017) skriv han om Ivar Aasen sitt samband til romantikken og Henrik Wergeland:

Midt i den norske romantikken nekta Ivar Aasen å vera romantikar. Sjølv om det er element av romantisk filosofi i hans tankar om nasjonalpråket, distanse- rer han seg frå mange sider ved den romantiske litteraturen. Han mislikar det ekspressive, enten det er ekstatisk jublende som hos Wergeland eller melan- kolsk klagande som hos Welhaven. (Sørbø, 2017, s. 24)

Både Venås og Sørbø skriv her om noko dei meiner er ein skilnad mellom Aasen si diktning på den eine sida og Wergeland og romantikarane på den andre. Vi deler langt på veg denne oppfatninga. Men vi vil hevde at dette ikkje berre handlar om korleis ein ville dikte eller tenkte seg at diktninga skulle vere. Som vi har sett hjå Wergeland, kan ein ikkje lausrive diktninga frå eit syn på kva språket er og kva det kan gjere for oss. Ein kan sjølvsgåt vere ueinig og meine at denne måten å tenke og nytte språket på ikkje fører til god diktning eller ein interessant måte å forstå verda på, men ein kan ikkje sjå vekk i frå at språket kan forståast og brukast på denne måten. Om Aasen og Wergeland nyttar språket på ulike måtar i diktninga, anten det er medvite eller umedvite, er det uttrykk for ulike tankar om kva språket si rolle og eigenskap i diktninga er. Med andre ord er poe-tikk uløyseleg knytt til eit språksyn. Om det er slik at Aasen medvite tek avstand frå den romantiske diktninga, så inneber det at språket i Aasen si diktning har ei anna rolle og dermed reflekterer eit anna språksyn. Spørsmålet blir då kva dette går ut på? Vi skal kome attende til Sørbø si analyse seinare i teksten. Vi går no vidare til å sjå på to av tekstane til Aasen, «Um diktning» (1853/1997), som er publisert i *Prøver af Landsmaalet* (1853), og «Om Dannelsen og Norskheten» (1857/1997). Sjølv om desse tekstane ikkje eksplisitt tek opp tematikken språksyn, så vil vi indirekte kunne sjå ansatsar til korleis Aasen tenkjer om fenomenet.

«Om Dannelsen og Norskheten»: Språket sin essens og uskuld

Teksten «Om Dannelsen og Norskheten» vart skriven av Aasen i 1857 og tek føre seg spørsmål om kultur, danning, samfunnstatus og språk. Her argumenterer Aasen for at det ikkje er nokon samanheng mellom kulturnivå og samfunnstatus og at det er eliten i Noreg som må tilpasse seg «Landets rette skikk og maal» som vi finn i bondekulturen. Han tek med andre ord opp dei demokratiske og sosiale utfordringane i Noreg på den tida. I den fjerde delen av artikkelen er språket hovudtema. I utdraget nedanfor ser vi at språket er det som definerer nordmenn. Språket er kjennemerket på det norske. Det skaper kontinuitet til fortida og dannar soleis ein identitet:

Og hertil kommer, at det ogsaa er det ældste og varigste Ættemærke; det er det, som bedst kan holde sig vedlige i Ætten gjennem alle Tiders Omskiftelser. Om alle de øvrige Skikke bleve forandrede, saa kunde Maalet endda i alt det vigtigste blive staaende, og dette vilde allerede være nok til at betegne et Folkeslag og udmærke det fra alle andre Folk. Saa længe som vi tale ægte norsk, saa kunne vi frit kalde os ægte Nordmænd og rette Børn af de gamle Nordmænd, om vi end ikke følge alle deres Skikke i andre Maader. Hvis vi derimod aflægge det norske Maal, da vil vort Nordmands-Navn kun have saare lidet at betyde, og da kunne vi ikke længere tale om vore gamle Forfædre uden med Skam og Blusel; thi vor Lighed med dem vil da blive saa liden, at Verden vil troe, at vi ere en indflyttet Folkeslægt og ikke de rette Efterkommere af de gamle Nordmænd.
(Aasen, 1857, s. 94)

Ein spesiell eigenskap ved språket er at det «kan holde sig vedlige i Ætten gjennem alle Tiders Omskiftelser». Dette er tilstrekkeleg til å skilje eit folkeslag frå eit anna. Så lenge ein snakkar «ægte norsk», det vil seie at ein held på det norske tungemålet, er ein norsk. At språket er knytt til det nasjonale såg vi også hjå Wergeland. Men der Wergeland er oppteken av det nasjonale språket som eit uttrykk for nasjonen i samtidia, er det språket sin historiske og fortidige dimensjon som er viktig for Aasen. Poenget er ikkje at Wergeland ikkje tenkte historisk, men at det nasjonale språket ikkje er *bunde til* det fortidige. For han er det nasjonale språket *noko som blir til*. Det er her Herder si forståing av språket sitt opphav er nyttig, sidan han ikkje forstår «oppfav» som historisk fortid, men som *det å starte*. Eit nytt oppfav vert danna når nokon uttrykkjer seg på ein ny måte. For Aasen verkar derimot det historiske språket å ha ein essens ved at språket «kan holde sig vedlige i Ætten gjennem alle Tiders Omskiftelser» og at målet «endda i alt det vigtigste blive staaende». Denne måten å sjå språket på kjem nærmare til uttrykk i teksten der han understrekar at tungemålet i seg sjølv ikkje har noko i seg som er destruktivt eller favoriserer nokon framfor andre:

Af alle de gamle nedarvede Sædvaner bliver imidlertid Tungemalet den allerviktigste, og lykkeligviis er denne Arveskik ogsaa den uskyldigste, da den ikke indeholder noget, som kan føre til Fordærvelse eller være til Hinder for Folkets Fremgang. Intet af alle de gamle Ættemærker har en saa mangfoldig Brug og

Betydning som Tungemalet, og intet staaer heller i en saa inderlig Sammenhæng med alle andre Landsskikke som dette. Det er desuden det tydeligste og tryggeste Ættemærke for et Folk; det er noget, som man kan forklare og beskrive; det har sine visse bestemte Former, saa at vi deraf oftest kunne vide, hvad der hører os til, og hvad der hører andre til. (Aasen, 1857, s. 93–94)

Språket er ifølgje Aasen «uskuldig», trygt og tydeleg. Det er uskuldig i den forstand at det i seg sjølv ikkje er til hinder for noko. Tidlegare i teksten skriv Aasen om kultur og danning, og sjølv om alle i prinsippet kan bli danna, er sosiale lag ei utfordring og hindring for mange. Ættemerke er difor ikkje nøytrale arveskikkar, dei skriv seg inn i eit sosialt hierarki. Når Aasen skriv at språket er uskuldig og ikkje har noko i seg som kan vere til hinder, kan det vere at han meiner at språket er likt for alle. Det vil seie at det ikkje favoriserer nokon i seg sjølv då ingen i utgangspunktet eig eller har større rettar til språket enn andre. Det at Aasen karakteriserer språket som uskuldig, verkar normativt då uskuld er ein eigenskap språket *bør* ha for at alle skal ha lik tilgang til det uavhengig av sosial stand. Men spørsmålet er om det også er forankra i ein ureflektert, men like fullt erkjeningsteoretisk oppfatning av at forholdet mellom språket sine former og folket er statisk. Der er ikkje noko i forholdet mellom språket og folket som skaper friksjon og ekspressiv dynamikk. Peter Burgess reflekterer i *Ivar Aasen's Logic of Nation* (2005) over denne passasjen og hevdar at Aasen tenkjer at språket er transparent:

«Happily,» says Aasen, language is the most «innocent» of the cultural artifacts, not because it has a signification, a cultural meaning which offends no one, but rather because it has no meaning, no content, no message, because it has no form. [...] it is clear that the most essential characteristic of language is its transparency: language has, asserts Aasen, in principle, no content, no unclear, murky substance which could give rise to disagreement and thus polemical friction. (Burgess, 2005, s. 83)

Vidare seier Aasen at språket er «det tydeligste og tryggeste Ættemerke» fordi det er noko ein kan forklare og beskrive. Her tek han føre seg språket som eit system. Språket består av former som kan analyserast og skildrast og som lett gjer at vi kan trekke skilnaden mellom vårt og andre sitt språk. Skilnaden mellom norsk og andre språk ligg med andre ord i

formene i språket. Og for å identifisere og skilje desse formene frå andre språk (hvad der hører andre til) så må ein til det nedarva språket (hvad der hører oss til) (1857, s. 94). Dermed er skapinga av språket ein historisk avslutta prosess.

For Aasen er det at språket har eksistert med dei same formene gjennom historia det som gjer at vi har eit norsk språk. Det er med andre ord ytre, identifiserbare trekk som gjer språket og dei som brukar det norske. Når Wergeland vil ta inn norske ord i eit dansk skriftspråk og «fornorske» det danske, kan dette aldri ifølgje Aasen bli norsk, for vi vil da miste vårt forhold til «de gamle Nordmænd»: «Lighed med dem vil da blive saa liden, at Verden vil troe, at vi ere en indflyttet Folkeslægt og ikke de rette Efterkommere af de gamle Nordmænd» (1857, s. 94). Det er ikkje karakteren til folket som definerer språket deira, men rett og slett det at språket har former som er distinkte frå andre språk. Hjå Wergeland er det også skilnadar mellom språk. Vi siterte Wergeland ovanfor der han til dømes skriv at det særeigne ved engelskmennene kjem til uttrykk i språket og «melder Friheden, den friske frodige ...» (1835). Men disse skilnadane er ikkje statiske, han hentar dei heller ikkje frå grammatiske former. I teksten «Um dikting» (1853) skriv Aasen om kva dikting er, og vi skal no sjå kva rolle språket får i litteraturen og kva dette kan fortelje oss om Aasen sitt språksyn.

«Um dikting»: Aasen sitt kunstsyn og antiromantiske poesi

Utgangspunktet for «Um diktning» (1853), men også eit sentralt problem i vestleg tradisjon, er i kva grad kunsten talar sant. Sanninga er vidare knytt til moral, som for Aasen er viktig når det kjem til litteratur og kunst. Problemets korleis noko som er oppdikta, kan seja oss noko om røyndomen:

Da er mange, som segja, at ein Fortelnad, som er berre diktad, er ein falsk og faanyttug Ting og skulde aldri voret skriven elder prentad. Dei ottast fyre, at da er berre Grillor og Yrkjeløysa, som avlar slikt, og at faatenkte Folk verta narrade av di og tru, at da er sant altsaman. Dei meina da og, at ærlege Folk maa hava so

stor Vyrdnad fyre Sanningi, at dei inkje gera seg nokor Skemting av slike Sogor, som er logna og utruande. (s. 97)

Tanken om at diktinga kan vere falsk og at «folk kan verta narrade» av ho, skriv seg inn i ein lang vestleg tradisjon for tenking om kunst attende til Platon. Sjølv gjev Aasen i *Um diktning* eit langt meir positivt syn på kunsten og gjev, trass farane, eit forsvar for han. Her er vi på linje med Walton sine refleksjonar om Aasen og litteratur (Walton, 1996, s. 710). Aasen fortel at når ein skal fortelje om ein bestemt mann må ein halde seg til sanninga og ikkje tala usant. Men slik er det ikkje når ein skal fortelje om eit sinnelag «huglynde», ein tenkjemåte, eller skikkar og handlemåtar. Då treng ein ikkje halde seg til det som finst i den verkelege verda, men kan «lata tanken spela fritt». Og då kan litteraturen gje oss «myket Gagn» fordi han kan fortelje oss sanning om verda og seie oss noko om menneskenaturen ved at det treff det som er typiske trekk ved oss:

Slike Fortelnadar kann da røynelege vera myket Gagn i, naar dei er godt ihopkomne og høva til si Tid og sin Stad. Dei kann visa oss mange Mishøve, som trenga til Umbot; dei kann lasta og snerta paa mange Uvanar og Misdomar og falske Meiningar, som er myket aalgengde; dei kann giva Døme paa Klokskap og Godvilje, og vekkja Hug til Betring og Framgang i mange Maatar. So kann dei tena til Upplysnad og Vitrинг um ymise Tenkjemaatar og Seder, elder um ymise Stand og Samvære i Livet, som ein inkje elles hadde Tilgang til aa kenna; og da er altsaman til Nytte, som kann auka Kunnskapen og giva Saali eit større og vidare Synsmaal. Og so er da dan store Dygdi med ein slik Fortelnad, at ein kann høyra og lesa han berre fyre Moro Skuld og endaa hava Lærdom av honom. Ein kann hava baade Gagn og Gaman paa ein Gong. Da er godt aa hava Lerdomen framsett i aalvorsame Raad og Fyretolor; men da er ogso godt aa hava han framsett i Fortelnad um vekkjelege Tilburdar og morosame Tilhøve; fyre daa er Folk fusare til aa høyra paa og verta inkje so snart leide. (Aasen, 1853, s. 99–100)

Diktinga har ein viktig plass for Aasen fordi ho til dømes kan gjere oss merksame på «mishøve», «uvanar» og «falske meininger». Samstundes som ho gir døme på «klokskap» og «godvilje». Litteraturen tener med andre ord til «upplysnad» og kjem difor til «nytte». Med andre ord gjev diktinga oss kunnskap om verda. Samstundes er litteraturen òg til glede

for lesaren. For ved sida av lærdomen er det òg mogleg å finne humor i litteraturen. «Gagn og gaman» er det som kjenneteiknar Aasen sitt syn på dikt. Her kan vi òg sjå eit pedagogisk poeng. Om alvoret i fortellinga vert blanda med «skjemt», so lyttar folk lettare og «verta inkje so fort leide». Slik kan ein få fram bodskapen lettare. Litteraturen har hjå Aasen dermed ei dobbelt rolle: den kan vere opplysende og underhaldande. Vi legg òg merke til at litteraturen godt kan vere nyttig.

Noko som karakteriserer Aasen si tilnærming til dikting, er forankringa ho har i det sosiale. Ho skal informere, opplyse og underhalde og bidreg på den måten til «betring og framgang». Men litteraturen sin ekspressive dimensjon vert ikkje diskutert. Som Venås og Sørbø er inne på, kan dette vere noko Aasen medvite tek avstand frå. Spørsmålet vi i så fall må stille, er kva rolle språket får i litteraturen og kva syn på språket som trer fram her.

I boka *Ivar Aasen: Portalen til nynorsklyrikken* (2004) går Sørbø djupare inn på dette og prøver å vise at Aasen medvite tek avstand frå den romantiske diktinga vi finn hjå Wergeland og Welhaven (s. 19). Wergeland og Welhaven har ifølgje Sørbø ei oppfatning av lyrikk som legg vekt på det ekspressive forholdet mellom poet og poesi (s. 18). Sørbø kallar også denne diktinga for «eg-eksponering» og «romantisk» og «subjektiv dikting». Denne står i kontrast til *objektivitet* vi finn i Aasen si dikting:

Men kvifor stilte han seg negativ til det nye, romantiske eg prosjektet? Var det fordi han hadde låg sjølvkjensle? Sosialt sett kunne han vel kjenna det slik. Men det er ei total feilvurdering av hans kritikk av det romantiske eg-prosjektet. Det er meir interessant å forstå Aasens smålåtna dikt-eg som ein gigantisk litotes, ei framheving gjennom lita skrift. Han la ikkje eit subjektivt eg inn i landskapet, og unngjekk å bli Bjørnson. Men i ein viss forstand realiserte han Georg Johannesens ynske om å skriva kalenderen. Han skreiv objektive naturdikt som vi oppfattar som naturens eiga røyst. (s. 36–37)

Sørbø trekkjer her fram objektivitet som ein av kvalitetane til Aasen. Sistnemnde let naturen stå fram med si eiga røyst. Dette er interessante punkt som framstiller noko sympatisk i Aasen si dikting. Tanken er at om noko skal stå fram slik det er, på eigne premissar, i den grad dette går, er ein avhengig av ein viss nøytralitet. Då kan ikkje subjektet kome for

sterkt i mellom. I tematikk er han altså nær romantikken, men forma han vil framstille dette gjennom, er ikkje det. Det ekspressive ved språket skal ikkje kome i vegen for representasjonen av verda.

Samstundes er det likevel noko i lesinga til Sørbø vi vil problematisere. Sørbø skriv ikkje om korleis den romantiske diktinga til Wergeland er knytt til eit bestemt språksyn og får dermed ikkje tematisert ein viktig dimensjon i denne litteraturen. Han legg stor vekt på subjektet sin plass, det vert «eksponerande», diktinga er subjektiv og eit eg-prosjekt. Men det vi freistar å vise i denne teksten, er at det ekspressive er meir enn berre ei eksponering av sjølvet. Det ekspressive språket medfører også ei fornying av språket som tek utgangspunkt i ei subjektiv og individuell erfaring av verda. Som vi har vore inne på, handlar ikkje dette berre om å eksponere seg sjølv eller å konstituere eit subjekt. Det handlar om la språket vere bru mellom subjektet og verda som formar dei begge gjensidig. Og for å gjere dette må språket heile tida fornye seg sjølv. På same måte diskuterer ikkje Sørbø kva rolle språket har i dette for Aasen. Likevel heng dette klart saman. Om litteraturen er objektiv, vil også språket vere det.

Om ein samanliknar Wergeland og Aasen, vil ein sjå skilnadane i korleis dei tenkjer språket i litteraturen og diktinga. Sjølv om Wergeland også var oppteken av sosiale spørsmål i si litterære verksemrd, er ikkje dette tema i tenkinga om litteratur i «Om norsk Sprogreformasjon» (1835). Det viktige for Wergeland er mediet sjølv, språket, og ikkje berre innhaldet. Dette er også Lombnæs sitt poeng i høve språktenking i Wergeland si diktning: «Et ord er da en form som påkaller betydning. Skapelse skjer ved at tanken står fram, ikke bare som innholdsstørrelse, tanke i dagligspråkets betydning [...] men] som menings- og bevisshetssvangert tegn» (Lombnæs, 2007, s. 22). Ei slik tilnærming til språk er det den tyske språkfilosofen Winfried Menninghaus viser til som «språkets poetiske funksjon» (Menninghaus, 1995, s. 8). Med dette meiner vi at Wergeland tematiserer språket sjølv, og ikkje berre det språket viser til. Men kva betyr dette eigentleg? Det som skjer i litteraturen, er at språket melder si eiga kraft til å skape. I daglegspråket vert ikkje denne krafta synleg på same måte sidan vi stort sett fokuserer på det språket refererer til, til saksforholdet. Som vi såg var Wergeland oppteken av «udtrykket», korleis ting blir sagt og korleis litteraturen «skaber» og rører ved «inbildningskraften». Både

Wergeland og Aasen er opptekne av tanken. Men der Aasen i *Um dikting* først og fremst interesserer seg for *innhaldet*, kva denne tanken refererer til og kva den melder, fokuserer Wergeland på *korleis* han vert uttrykt. Med andre ord kan ein sjå ein skilnad i synet på språk: der Wergeland tenkjer seg at språket heile tida skal uttrykkje noko i litteraturen, at han skal skape utrykk for det *daglegspråket* enno ikkje kan uttrykkje, er dette ikkje tematisert i same grad hjå Aasen. For Aasen handlar det òg om å seie noko usagt, til dømes om menneskenaturen. Men dette er ikkje på eit ekspressivt nivå. Språket skal snarare formidle, det er eit instrument for kunnskap, humor og innsikt.

Aasen sin instrumentalisme

Angåande eit instrumentalistisk språksyn vil vi trekke fram ein stad der Stephen Walton (1996) eksplisitt tematiserer dette språksynet hjå Aasen. Her skriv Walton at:

Det mest kuriøse og direkte unyttige i den sekundære systematiseringa til Aasen er likevel knytt til semantikken, tydingsinnhaldet i språket. Ein heil del av den semantiske systematiseringa er unyttig i den forstand at ho ikkje hjelper til med å framheva innsikta i språket som system, men grupperer fenomen i den ytre røynda. For å seie dette på eit anna vis: Aasen strukturerer ofte referentane heller enn nemningane. Dette kan ein forklåra på ymse vis. Vi kunne laga ei psykologisk forklaring som la vekt på Aasens behov for å framstilla kunnskapar i systematisk og skjematiske form, ut frå det vi til dømes veit om lesnaden til Aasen og oppskriftene han gjorde på grunnlag av den. Eller vi kunne laga ei meir ideologisk forklaring som gjekk ut på at Aasen gledde seg over det han pla kalla «Almuesprogets Rigdom», og dermed ville samla bevis på dette mangfaldet frå flest mogleg hald. Men heller enn å prøva å forklåra den sekundære semantiske systematiseringa, er vi betre tente med å freista å isolera kva ho uttrykker. Det er, etter mitt syn, eit grunnleggande instrumentalistisk språksyn. Det vil seia at språket ikkje er noko mål i seg sjølv, men ein reiskap. Slik sett heng den semantiske systematiseringa saman med andre allmenne tendensar i Aasens målreising, og då først og fremst med det overordna sosiale reisingsmomentet som ligg i botnen for ho. (s. 333)

Det Walton mellom anna viser til er manuskriptet «Tillæg til Undersøgelsen af Almuesproget paa Søndmør» med undertittelen «Eksempler paa Almugesprogets Rigdom paa Udtrykke og nationale Benævnelser for simple, almindelige og husslige Gjenstande». Og Walton legg til: «Instrumentaliteten her ligg nett i det at Aasen med dette og liknande skjema betre får styringa meir med ein del av verda enn med språket oppfatta som system ... Haldninga som ligg under, set det konkrete, det ytre, det materielle høgast, og ser språket som ein erkjenningsveg inn i det» (Walton, 1996, s. 334). Om ein set det språket referer til, «det konkrete, det ytre og materielle», som det høgaste, og språket «berre» er ein erkjenningsveg inn i det språket refererer til, har ein ikkje då eit syn på språket som noko gjennomsiktig?

Avslutning

I dei føregåande sidene har vi freista vise at Wergeland og Aasen verkar til å legge ulike ting i kva språk er. For å få fram dette gjekk vi til språkfilosofien og Charles Taylor. Vi såg då at desse ulike perspektiva, som vi kallar språksyn, skriv seg inn i ein filosofisk og idéhistorisk kontekst. Desse perspektiva har vore «gløymde», «skjulte» eller lite snakka om i norsk språkhistorisk kontekst, og vi meiner det er viktig å belyse dei som ein del av norsk språkhistorie. Men når vi skriv om språksyn, er det ikkje berre for å skildre eller få meir kunnskap om historia og historiske tekstar. Å jobbe med språksyn i språkhistoria handlar også om vår eiga samtid. Wergeland og Aasen sine språksyn lyftar fram perspektiv og problemstillingar knytt til språk, filosofi og kultur som ikkje berre seier noko om tenking omkring språk på 1800-talet. Det opnar også rom for oss til å forstå og problematisere vår forståinga av språk i dag. Det er fyrst ved å sjå på historia at vi kritisk kan vurdere kva språkfilosofisk arv det er vi vidarefører.

Abstract

This text is about language philosophy within the context of Norwegian language history. It addresses this from two perspectives. Firstly, it

discusses to what extent Henrik Wergeland and Ivar Aasen had different philosophies of language. Wergeland and Aasen are not read here within the context of “external” or “internal” history of language, but as part of a history of Norwegian philosophy of language. Secondly, to articulate this, the article sees Wergeland and Aasen in the light of Charles Taylor’s philosophy of language. The article discusses how Taylor’s distinction between an “expressive” view of language and a view of language as something representative and “transparent” can be used to bring out some of the differences between Wergeland and Aasen. In the article, Wergeland is linked to a romantic and expressive view of language, while Aasen shows a view of language as something instrumental and transparent. Other researchers in the context of Norwegian language history have already commented on some of these aspects regarding the two authors, but it has to varying degrees been developed and has rarely been linked to philosophy of language. This text seeks to go one step further in articulating Wergeland’s and Aasen’s philosophy of language by linking them to Charles Taylor’s philosophy of language.

Jonas Gamborg Lillebo
Høgskulen i Volda
Postboks 500
NO-6101 Volda
JOLI@hivolda.no

Marianne Hustvedt
Høgskulen i Volda
Postboks 500
NO-6101 Volda
marianne.hustvedt@hivolda.no

Litteratur

- Agora. Journal for metafysisk spekulasjon.* (2010). Wergeland. Nr 1–2.
Berlin, I. (2000). *The roots of romanticism*. Pimlico.
Berlin, I. (2013). *Three critics of enlightenment*. Pimlico.

- Burgess, J. P. (2005). *Ivar Aasen's logic of nation. Toward a philosophy of culture.* Høgskulen i Volda.
- Condillac, É. B. de (1986). *Essai sur l'origine des connaissances humaines.* I B. Huisman & F. Ribes (Red.), *Les philosophes et le langage.* Sedes.
- Fossland, J. & Grimen, H. (2001). *Introduksjon til Charles Taylors filosofi.* Universitetsforlaget.
- Foucault, M. (2006). *Tingenes orden* (K. O. Eliassen, Oms.). Spartacus. (Opphavleg utgjeven 1966).
- Herder, J. G. (2008). *Abhandlung über den Ursprung der Sprache.* Reclams Universal-Bibliothek.
- Herder, J. G. (1992). *Om sprogets opprinnelse* (J.-E. Askerøi, Oms.). Aschehoug.
- Hyvik, J. J. (2009). *Språk og nasjon 1739–1868.* Samlaget.
- Lægreid, S. & Skorgen, T. (2006). *Hermeneutikk – en innføring.* Spartacus.
- Lombnæs, A. (2007). Skapende fravær. Språk, subjekt og utviklingstro i Henrik Wergelands Skabelsen. *Edda*, 107(1), 18–38. <https://doi.org/10.18261/ISSN1500-1989-2007-01-02>
- Menninghaus, W. (1995). *Walter Benjamins Theorie der Sprachmagie.* Suhrkamp Verlag.
- Storsveen, O. A. (2008). *Mig Selv.* Cappelen Damm.
- Seip, D. A. (1914). *Norskhet i sproget hos Wergeland og hans samtid.* Aschehoug.
- Sørbo, J. I. (2004). *Portalen til nynorsklyrikken i Frå gamle fjell til magma.* Samlaget.
- Sørbo, J. I. (2017). *Nynorsk litteraturhistorie.* Samlaget.
- Sørensen, Ø. (2001). *Norsk idéhistorie bd. III: Kampen om Norges sjel.* Aschehoug.
- Taylor, C. (2005). *Hegel.* Cambridge University Press.
- Taylor, C. (2007). Språket og menneskets natur (L. H. Hansen, Oms.). *Agora*, 25(3), 176–211. <https://doi.org/10.18261/ISSN1500-1571-2007-03-08>
- Taylor, C. (2016). *The language animal.* The Belknap Press of Harvard University Press.
- Torp, A. & Vikør, L. S. (1993). *Hovuddrag i norsk språkhistorie.* Gyldendal Akademisk.
- Trabant, J. (2003). Quand l'Europe oublie Herder, Humboldt et les langues. *Revue germanique internationale*, 20, 153–165. <https://doi.org/10.4000/rgi.982>
- Trabant, J. (2006). *Europäisches Sprachdenken. Von Platon bis Wittgenstein.* Verlag C. H. Beck.
- Venås, K. (1996). *Då tida var fullkommen. Ivar Aasen.* Novus Forlag.
- Vikør, L. S. (2008). Henrik Wergeland om språket. *Språknytt*, 36(1), 1–7. <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2008/Spraknytt-12008/Henrik-Wergeland-om-spraaket/>
- Walton, S. (1996). *Ivar Aasens kropp.* Samlaget.

- Wergeland, H. (1835). *Om norsk Sprogreformation*. Dokpro. <https://www.dokpro.uio.no/wergeland/WIV2/WIV2008.html>
- Aasen, I. (1997). *Skrifter i samling III*. Det norske Samlaget. <https://www.nynorsk.no/wp-content/uploads/2019/01/skrifter-i-samling-III.pdf> (Opphavleg utgjeven 1836)
- Aasen, I. (1997). *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Det norske Samlaget. <https://www.aasentunet.no/wp-content/uploads/2019/01/Pr%C3%B8ver-af-Landsmaalet.pdf> (Opphavleg utgjeven 1853)
- Aasen, I. (1997). *Skrifter i samling III*. Det norske Samlaget. <https://www.nynorsk.no/wp-content/uploads/2019/01/skrifter-i-samling-III.pdf> (Opphavleg utgjeven 1857)